

## Resultatrekneskap for private barnehagar 2020

Opplysningane om inntekter og kostnader i private barnehagar blir samla inn av Utdanningsdirektoratet. Opplysningane skal brukast til å sikre at tilskott og foreldrebetaling blir brukt i samsvar med barnehagelova § 23, og leggje til rette for kommunen sitt tilsyn med bruken av tilskott og foreldrebetaling, jf. forskrift om overgangsreglar til barnehagelova – tilsyn, rettleiing og reaksjonar mv. § 2. Opplysningane inngår i statistikkgrunnlaget for barnehagane. Utdanningsdirektoratet samlar inn opplysningane etter forskrift om rekneskapsplikt for godkjende ikkje-kommunale barnehagar (økonomiforskrift til barnehagelova) § 4. Manglande rapportering kan føre til at kommunen kan halde tilbake tilskott til private barnehagar eller redusere tilskott, jf. forskrift om overgangsreglar til barnehagelova – tilsyn, rettleiing og reaksjonar mv. § 3. Opplysningane i resultatrekneskapet inngår også i statistikkgrunnlaget for barnehagane, jf. barnehagelova § 48. Statistisk sentralbyrå nyttar oppgåvene til utarbeiding av offisiell statistikk, i medhald av lov av 21. juni 2019 nr. 32 om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå § 10. Det er berre private, fylkeskommunale og statlege barnehagar som skal fylle ut rekneskapskjemaet. Opplysningar om kommunale barnehagar blir innhenta gjennom KOSTRA.

### Revisjon

På bakgrunn av forskrift om rekneskapsplikt for godkjende ikkje-kommunale barnehagar § 3 skal barnehagens resultatrekneskap reviderast av statsautorisert eller registrert revisor. Unnateke frå dette kravet er barnehageeigarar som saman med nærstående eller selskap i same konsern som eigaren, kontrollerer ordinære barnehagar med til saman færre enn 20 barn eller familiebarnehagar med til saman færre enn 10 barn. Tilsvarande gjeld for eigarar som saman med nærstående eller selskap i same konsern som eigaren, berre har éin open barnehage. Desse kan i staden for revisor velje ein uavhengig rekneskapskunnig til å attestere rekneskapen. Barnehagens revisor skal revidere og levere revisjonsmelding basert på ISA 805 Særlege omsyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, kontoar eller postar i ei rekneskapsoppstilling.

### Resultatrekneskapskjemaet

Skjemaet i BASIL består av 13 steg (inkl. forsida). Barnehagen fyller ut steg 2-12. Kommunen fyller ut steg 13.

- Steg 2: her skal det fyllast ut opplysningar om barnehagen.
- Steg 3 til 8: her skal det fyllast inn opplysningar om barnehagen sitt resultatrekneskap med tilhøyrande noteopplysningar.
- Steg 9: her skal det fyllast inn opplysningar om administrasjonskostnader og andre felleskostnader.
- Steg 10: her skal det fyllast inn opplysningar om transaksjonar med nærstående partar.
- Steg 11: dette steget knyter seg til kompensasjonsordninga i samband med nedstengde barnehagar våren 2020.
- Steg 12: omfattar opplysningar som supplerer rekneskapstala frå barnehagen.

For å sikre eit effektivt tilsyn er det viktig at klassifisering i resultatrekneskapet og at noteopplysningar er gitt i tråd med rettleiinga. Revisor må signere og sende revisjonsberetning til kommunen, dersom barnehagen ikkje er unntatt frå dette kravet i forskrift om rekneskapsplikt for godkjende ikkje-kommunale barnehagar.

### Generelt om føring av "Resultatrekneskap for ikkje-kommunale barnehagar"

Rekneskapen skal førast som resultatrekneskap for alle ikkje-kommunale barnehagar som var i drift per 15.12. året før. Rekneskapen skal førast etter periodiseringsprinsippet slik at f.eks. etterbetalingar for rekneskapsåret som er utbetalte i det påfølgjande året, men medtekne i rekneskapsåret (periodisert), skal førast i resultatrekneskapen for rekneskapsåret. Alle kostnader skal førast utan meirverdiavgift. Barnehagar som har fått refundert meirverdiavgift, skal føre alle kostnader med nettobeløp. Investeringstilskott og etableringstilskott skal ikkje førast i årsrekneskapen.

Det er viktig å skilje mellom den rekneskapsplikta barnehagen har etter rekneskapslova eller anna særlovgjeving for den enkelte driftsforma, og kravet Utdanningsdirektoratet har om innlevering av årsrekneskapsskjema. Desse to forholda må ein sjå på separat. Ikkje-kommunale barnehagar skal fylle ut årsrekneskapsskjemaet uavhengig av kva for rekneskapskrav dei elles er underlagde. Barnehagar som blir drivne som verksemd utan rekneskapsplikt, og som i likningssamanheng nyttar standardfrådrag framfor dokumenterte utgifter, blir ikkje fritekne frå å levere årsrekneskapsskjemaet. Desse barnehagane må sørge for å ha den nødvendige rekneskapsoversikta og dokumentasjonen som skal til for å oppfylle krava som er knytte til årsrekneskapsskjemaet. På tilsvarande vis er det ikkje tilstrekkeleg for rekneskapspliktige barnehagar berre å sende inn den ordinære rekneskapen sin framfor å nytte resultatrekneskapsskjemaet i BASIL.

## Opplysningar om barnehagen

Veiledning:

Fyll ut dei rubrikkane som ikkje er fylde ut på førehand. Dei ferdig utfylte opplysningane er henta frå "Årsmelding for barnehagar per 15.12."

Dersom desse opplysningane ikkje er korrekte må dei rettast opp på skjemaet. Opnings- og nedleggingsdato skal berre fyllast ut av dei barnehagane som har opna eller er blitt lagt ned i løpet av rekneskapsåret. Barnehagar som har vore mellombels stengde i mindre enn 1 måned i løpet av året skal ikkje fylle ut opnings- og/eller nedleggingsdato.

Namnet til barnehagen			
Kommune/Bydel			
Besøksadresse			
Postnummer		Poststad	
Postadresse			
Postnummer		Poststad	
Namnet til eigaren			
Eigar org. nr			
Organisasjonsnummer			
Kontaktperson i barnehagen			
Telefon			
E-post			
Barnehagetype (mer enn ett kryss mulig):			
<input type="checkbox"/> Ordinær barnehage	<input type="checkbox"/> Familiebarnehage	<input type="checkbox"/> Åpen barnehage	
Eigar barnehage			
<input type="checkbox"/> Kommune <input type="checkbox"/> Fylkeskommune <input type="checkbox"/> Stat <input type="checkbox"/> Privat			
Eigarform barnehage			
Nærmare beskriving av eigaren av barnehagen			

Kyrkjelyd/trussamfunn Studentsamskipnad Foreldreidg Kvinne- og familieforbund/sanitetsforening Bedrift Pedagogisk/ideologisk org. Enkeltperson Konsern/Aksjeselskap Stiftelse		
Hvilket prinsipp for rekneskap er benyttet? (Sett kryss)		
<input type="checkbox"/> GRS for små føretak <input type="checkbox"/> GRS for øvrige føretak <input type="checkbox"/> GRS for ideelle organisasjonar <input type="checkbox"/> Internasjonale rekneskaps- prinsipp (IFRS)		
Eig barnehagen lokala barnehagen ligg i?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Dersom nei, kven er utleigar (org.nr)		
Driv eigar anna verksemd enn barnehage?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, vel minst éin kategori:		
<input type="checkbox"/> Eigedom <input type="checkbox"/> Holding <input type="checkbox"/> Vikarutleige <input type="checkbox"/> Konsulentbistand <input type="checkbox"/> Anna verksemd (spesifiser)		
Inngår barnehagen i eit konsern/kjede?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei

Namnet på konsern/kjede barnehagen inngår i:

Læringsverkstedet AS	FUS (Trygge barnehager AS)
Espira Gruppen AS	Norlandia Barnehagene AS
Sundt Barn AS	Stiftelsen Kanvas
KFUK-KFUM	Akasia AS
Carpe Diem Stiftelsen	Frelsesarmeens barnehager
Camah Holding AS	Gnist Barnehager AS
Seraphin AS	Kidsa Barnehager AS
Trondhjems Asylselskap	Nlm-Barnehagene AS
Hoppensprett AS	Norges Arktiske Studentsamskipnad
Lofoten Industri AS	iFokus Barnehagene AS
Nord Studentsamskipnad	Studentsamskipnaden i Sørøst-Norge
Den Internasjonale Kvinnegruppen i Bergen	Studentsamskipnaden SiO
Oslo Barnevaktformidling AS	Studentsamskipnaden på Vestlandet
Bergen Racketsenter AS	Samvirkebarnehagene SA
Hero Norge AS	Mobarn Sa
Montessoribarnehagene AS	Tårnsvalen barnehage AS
Theas AS og Theas Bærum AS	Nøtteliten og Hakkebakkeskogen familiebarnehage
TDM barnehager	Time Kyrkjelege Fellesråd
Ulna AS	Nedre Glommen Holding AS
Eventus barnehage AS	Annet, skriv inn:
Urtehagen Barnehager AS	
Åpne barnehager AS	

Organisasjonsnummeret på konsernet/kjeden barnehagen inngår i?

Kor mange barnehagar inngår i konsernet eller kjeden?

For barnehagar som ikkje har verte i drift heile året:

Opningsdato:

Nedleggingsdato:

Har barnehagen i løpet av året hatt organisatoriske endringar som til dømes eigarskifte eller utviding?      Ja      Nei

Viss ja, hva slags endring (velg minst én kategori)?:

Eigarskifte  
 Utviding  
 Nedskalering  
 Seld bygg  
 Kjøpt bygg  
 Anna, spesifiser:

## Opplysninger frå barnehagens resultatrekneskap

Inntekt/Kostnad		Beløp (heile kroner)	Inntekt/Kostnad		Beløp (heile kroner)
3000	Salgsinntekt og uttak, avgiftspliktig		5950	Eiga pensjonsordning	
3200	Salgsinntekt/uttak (foreldrebetaling), utenfor avgiftsområdet		6000	Avskrivning	
3400	Offentlig tilskudd/refusjon, må spesifiserast:		6100	Frakt og transportkostnad vedr. salg	
	Forskott		6300	Leie lokale	
	1. kvartal		6340	Lys, varme	
	2. kvartal		6395	Renovasjon, vatn, avløp, reinhald o.a.	
	3. kvartal		6400	Andre leiekostnader	
	4. kvartal		6500	Verktøy, inventar o.a. som ikkje skal aktiverast	
	Endeleg vedtak førre år		6600	Reparasjon/vedlikehold av bygninger	
	Endelig vedtak tidlegare år		6695	Reparasjon/vedlikehold annet	
	Refusjon syskenmoderasjon		6700	Framandtenester (rekneskap, revisjon, rådgiving og liknande)	
	Refusjon foreldras betalingsevne		<b>6710</b>	<b>Sum innleid personell (sum poster 6711-6713)</b>	
	Anna:		6711	Leiar i barnehage	
	<b>Sum kommunale driftstilskott</b>		6712	Pedagogisk personell	
3420	Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne - ekstra lønnskostnader som barnehagen har hatt for ekstra personell		6713	Andre tilsette	
3430	Tilskott til tiltak for å styrke utviklinga i språkforståinga for minoritetsspråklege barn i barnehage		6995	Kontorkostnad, telefon, porto o.a.	
3450	Andre offentlege tilskott (ikkje refusjon fra folketrygden, jf. Post 5800)		7000	Drivstoff transportmidler	
<b>3400</b>	<b>Sum offentlege tilskott (sum poster 3400 til 3450)</b>		7020	Vedlikehold m.v. transportmidler	
3600	Leieinntekter		7040	Forsikring og avgifter på transportmidler	
3655	Kostpenger		7080	Bilkostnader, bruk av privat bil i næring	
3900	Annen driftsrelatert inntekt		7155	Reise-/diett- og bilgodtgjøreelse, oppgavepliktig	
<b>9900</b>	<b>Sum driftsinntekt (sum poster 3000 til 3900)</b>		7165	Reise- og diettkostnader, ikkje oppgavepliktige	
4005	Sum Varekostnad		7330	Salgs- og reklamekostnader	
<b>5000</b>	<b>Sum lønn, feriepenger m.v. (sum poster 5010-5030)</b>		7350	Representasjonskostnader (med fradragsrett)	
5010	Leiar i barnehage		7495	Kontingenter (med fradragsrett)	
5020	Pedagogisk leiar		7500	Forsikringspremie	
5030	Andre tilsette		7700	Annan kostnad	
5300	Annen oppgavepliktig godtgjøreelse		7895	Konstaterte tap på fordringar	
5400	Arbeidsgiveravgift		<b>9910</b>	<b>Sum driftskostnad (sum poster 4005 til 7895)</b>	
5420	Innmeldingspliktig pensjonskostnad (Ikke pensjonsforsikring)		<b>9920</b>	<b>Driftsresultat (= post 9900 minus post 9910)</b>	
5600	Arbeidsgodtgjersle til eigarar		8060	Andre finansinntektar	
5700	Offentleg tilskott vedrørende arbeidskraft		8160	Andre finanskostnader	
5800	Offentlege refusjonar i samband med arbeidskraft (sjukepengerefusjon m.m.)	-	8200	Netto finansposter	
5900	Annan personalkostnad		8305	Betalbar skatt/ending utsatt skatt/-skattefordel	
5945	Pensjonsforsikring for tilsette		<b>9940</b>	<b>Årsresultat (=post 9920 pluss post 8200 minus post 8305)</b>	

Barnehagens kommentarer til føring av tilskott:

--

### Detaljer om enkelte postar i resultatregnskapen til barnehagen

**Post 4005 – Varekostnad:**

Posten kan inneholde kjøp av matvarer – som kan dekkast gjennom kostbetaling utover ordinær foreldrebetaling – og andre varer.

Spesifikasjon av innholdet i 4005:	Beløp (heile kroner)
4001 Kjøp av matvarer	
4002 Kjøp av andre varer	
<b>Sum (skal tilsvare sum post 4005 Varekostnad)</b>	

**Note til postene 5010 og 6711 Leder i barnehage**

Er det fleire leiarar (styrarar) som er tilsett i barnehagen?	Ja	Nei
Dersom ja, kor mange?	Tal	

**Note til post 5945 Pensjonar**

Har barnehagen innskottsbasert ordning?	Ja	Nei
Prosentsetningar for innskottspensjon	Inntil 7,1 G:	7,1 – 12 G:
Over 12 G-dekning eller andre dekningar, spesifiser under "Andre opplysningar"	Ja	Nei
Har barnehagen ytingsbasert ordning?	Ja	Nei
Er den ytingsbaserte ordninga ei offentleg eller offentleglik pensjonsordning?	Ja	Nei
Premiebetaling for året (både innskotts- og ytingsordning)?		
Før opp grunnlag for fordeling av premiebetaling dersom barnehagen har fleire barnehagar i føretaket		
Aktuarregnet pensjonskostnad?		
Aktuarregnet pensjonsforplikting?		
Før opp grunnlag for fordeling av pensjonskostnad dersom barnehagen har fleire barnehagar i føretaket		
Kor har barnehagen pensjonsordninga si?	KLP	SPK      Annan leverandør
Andre opplysningar		

<b>Premiefond/innskotsfond</b>	
Bruk av premiefond til dekning av innskot/premie (beløp):	
Behaldning av premiefond ved utgangen av året (beløp):	

<b>Post 6700– Framandtenester (rekneskap, revisjon, rådgjeving og liknande):</b>	
<b>Spesifikasjon av innhaldet i 6700:</b>	<b>Beløp (heile kroner)</b>
Revisjonshonorar inkl. anna bistand frå revisor	
Rekneskapshonorar inkl. anna bistand frå rekneskapsførar	
Honorar anna økonomisk rådgjeving	
Honorar juridisk bistand	
Honorar databistand/programvare	
Anna framandteneste (spesifiser kva som inngår her)	
<b>Sum (skal svare til sum post 6700 - Framandtenester (rekneskap, revisjon, rådgjeving og liknande):</b>	

<b>Post 6995– Kontorkostnad, telefon, porto mv.</b>	
<b>Spesifikasjon av innhaldet i 6995:</b>	<b>Beløp (heile kroner)</b>
Kontorrekvisita, kopiering, trykksaker/aviser etc.	
Møte	
Kurs, oppdatering o.l.	
Anna kontorkostnad (spesifiser kva som inngår her):	
<b>SUM Post 6995– Kontorkostnad, telefon, porto mv.</b>	

<b>Disponering av overskott (positivt årsresultat):</b>	
Barnehagar som avslutter rekneskapen med eit overskott kan bruke dette prinsipielt på to måtar: Anten vert overskottet utbetalt som utbyte til eigarane av barnehagen, eller det vert liggjande igjen som ein del av eigenkapital til barnehagen og nytta til styrking av likviditeten til barnehagen eller til finansiering av innkjøp til barnehagen seinare.	
<b>Disponering av positivt årsresultat:</b>	<b>Beløp (heile kroner)</b>
9950 Overført til egenkapitalen	
9955 Avsetning til dekning av skattekrav på overskudd (aksjeselskaper)	
9960 Overført til eier (utbytte)	
9965 Overført til konsernselskap (konsernbidrag)	
9970 Avsetning til reduksjon av udekket tap	
<b>Sum (skal tilsvare sum post 9940 Årsresultat)</b>	

## Administrasjonskostnader og andre felleskostnader

Der fleire barnehager er drivne innafor same føretak eller føretaksgruppe, skal det opplysast korleis administrasjonskostnader og andre felleskostnader er fordelte mellom barnehagane. Tilsvarende opplysningar skal ein gi når barnehagen inngår i eit føretak som også driv anna verksemd.

**Dette inneber at punktet berre skal fyllast ut av barnehagar som oppfyller eit av dei følgjande kriteria:**

- **Barnehagar som blir drivne innafor same føretak med andre barnehagar**
- **Barnehagar som blir drivne innafor føretaksgruppe (konsern) med andre barnehagar**
- **Barnehagar som er ein del av eit føretak som driv anna verksemd i tillegg til den verksemda som er godkjend etter barnehagelova**

Uttømmende liste over rekneskapspostar med felleskostnader:

Postnr.	Postnemning	Kriterium og nøkkel for kostnadsfordeling



## Transaksjoner med nærstående parter

Før opp nærstående parter som barnehagen har hatt transaksjoner med

Nærstående part:	Selskap eller person:	Dersom selskap: org.nummer, dersom person: relasjon

Spesifiser transaksjonar med nærstående partar				
Nærstående part:	Omtale av transaksjonen:	Vederlag:	Grunnlag for vederlaget	Regnskapspost:

## Opplysninger om kompensasjon knytt til stengte barnehagar våren 2020

Våren 2020 måtte barnehagane halde stengt, og det skulle ikkje bli tatt foreldrebetaling i denne perioden. Det blei vedtatt at private barnehagar skulle motta kompensasjon for inntektsbortfallet dei hadde i samband med at barnehagen måtte halde stengt. Kompensasjonen blei gitt for å unngå at barnehagar skulle gjere permitteringar av tilsette i denne perioden. Barnehagar som i perioden fram til og med 13. april 2020 hadde eit tilbod til barn, skulle også motta kompensasjon.

Dersom barnehagen utfører permitteringar av tilsette, eller av andre grunnar har monaleg reduksjon i kostnadene under den pålagte stenginga, vil kompensasjon for bortfall av foreldrebetaling i barnehage og ordinært kommunalt tilskott til private barnehagar bli avkorta. Det same gjeld om allereie innbetalt foreldrebetaling ikkje blir refundert til dei føresette. Private barnehagar som mottar tilskott etter denne føresegna, kan under stenginga ikkje nytte tilsette til å drive anna inntektsgivande arbeid i verksemda. Meir informasjon om ordninga finst på [udir.no](http://udir.no).

Har barnehagen mottatt kompensasjon for inntektsbortfallet i samband med foreldrebetalinga ved nedstenginga av barnehagane våren 2020?

Ja    Nei

Dersom ja, før inn beløp:

Har barnehagen refundert allereie innbetalt foreldrebetaling til dei føresette for perioden med nedstenging våren 2020?

Ja    Nei

Har barnehagen utført permitteringar i perioden med nedstenginga våren 2020?

Ja    Nei

Har barnehagen av andre grunnar enn permittering av tilsette hatt monaleg reduksjon i kostnadene under den pålagde stenginga?

Ja    Nei

Dersom ja, før inn årsverk:

Har barnehagen under nedstenginga benytta tilsette til å drive anna inntektsgivande arbeid i verksemda?

Ja    Nei

Har barnehagen mottatt ekstra midlar i samband med korona?

Ja, frå kommunen (utanom kompensasjonen for inntektsbortfall av foreldrebetaling skildra over)

Ja, frå konsernet

Anna (spesifiser)

Nei, ikkje fått ekstraintekter

## Supplerende opplysninger frå barnehagen

Her opplyser ein om barnehagen har fått støtte til drifta i rekneskapsåret som ikkje kjem til uttrykk i rekneskapen. Dette gjeld støtte som ikkje er ført som inntekt i rekneskapen til barnehagen.

Døme: Låg eller gratis husleige, gratis administrative tenester (rekneskapsføring, lønnsutbetalingar o.a.) frå eigaren av barnehagen eller frå andre (ikkje kommunen).

**NB!** Foreldredugnader skal ikkje takast med. Ev. støtte som barnehagen får frå kommunen skal fyllast ut av kommunen.

Beskriv innhald og omfang av slik støtte som barnehagen har motteke i rekneskapsåret. Det kan ofte vere vanskeleg å talfeste verdien av slik støtte. For å få eit grunnlag for mest mogleg fullstendige kostnadstal for barnehagane, skal barnehagane likevel anslå eit konkret kronebeløp.

Støtte frå barnehageeigaren til:	Beløp (anslag)
<b>Sum</b>	
Støtte frå andre (ikke kommunen) til:	Beløp (anslag)
<b>Sum</b>	
Har barnehagen i rekneskapen hatt ekstra kostnader knytta til integrering av barn med særskilde behov som ikkje dekkes av tilskota under post 3420 "Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne - ekstra lønnskostnader som barnehagen har hatt for ekstra personell " eller post 3430 "Tilskott til tiltak for å betre språkforståing blant minoritetsspråklege barn"?	Ja    Nei
Kommunalt tilskott	
Barnehagens egne midlar	
<b>Sum ekstra kostnader til integrering av barn med særlige behov</b>	

## Supplerende opplysninger fra kommunen om ikke-kommunal barnehage

Har barnehagen mottatt betydeleg støtte frå kommunen til drifta i rekneskapsåret som **ikkje** kjem til uttrykk i rekneskapen til barnehagen? (Altså støtte som **ikkje** er ført som inntekt i rekneskapen til barnehagen).

Døme:

- Låg eller gratis husleige for kommunale lokale som barnehagen disponerer.
- Tiltak for å tilretteleggje tilbodet for barn med nedsett funksjonsevne som vert betalt/lønna av kommunen utan at dei er belasta rekneskapen til barnehagen (til dømes kommunale støttepedagogar, tospråklege assistentar m.m. som arbeider med barn i den private barnehagen).

**Obs: Følgjande utgifter skal ikkje takast med:**

- Merkantil støtte frå kommunen i samband med barnehageopptak, innkrevjing av opphaldsbetaling m.m.
- Tilbod til private barnehager om deltaking på kurs/opplæringstiltak
- Andre utgifter som kommunen har som er knytt til kommunen som barnehagestyresmakt.

Beskriv innhald og omfang (ev. anslå beløpet) av slik støtte som barnehagen har mottatt i rekneskapsåret:

Støtte frå kommunen til:	Beløp (anslag)
<b>Barn med nedsatt funksjonsevne og andre barn med særlege behov (inkl. minoritetsspråklige barn)</b> (Obs: Ikke støtte til barn med nedsatt funksjonsevne eller andre barn med særlege behov som er gitt som økonomisk tilskott til barnehagen).	
Støtte til andre føremål (spesifiser):	Beløp (anslag)
<b>Sum</b>	